

20/12	4.Sun. i adv.	Eiklund	Kl.11:30		
24/12	Julaftan	Øn	Kl.14:00	Påmelding	Offer til Kirkens Nødhjelp
		Bø	Kl.16:00	Påmelding	Offer til Kirkens Nødhjelp
25/12	1.Juledag	Hyllestad	Kl.14:00	Påmelding	Offer til NMS i Mali
31/12	Nyttårsaftan	Hyllestad	Kl.15:00	Påmelding	Offer til Stefanusalliansen
3.januar 2021		Øn	Kl.11:00		Offer til sjømannskyrkja

Som du ser, vert det i år lagt opp til påmelding til gudstenestene i jula. Dette avdi ein ikkje kan vera fleire enn 50, i tillegg til medverkande. Påmeldinga vert digital, dvs. at det vert lagd ut ein link til påmelding på heimesida vår. Klikk på linken; du kjem då til påmeldingsvindauga, der du melder deg på, registrerer tlf.nr og e-post. Vidare kan du melda på fleire husstandsmedlemer i same biletet. Etterpå mottek du ein e-post med stadfesta påmelding. Desse opplysningane vert automatisk sletta etter 14 dagar.

Påmeldinga til julaftangudsteneste og 1.juledag, vert tilgjengeleg frå torsdag 17.desember kl 08:00. Påmeldinga stengjer automatisk når ein har fått 50 påmeldingar, eller 23.desember kl. 13:00. Til dei som ikkje har høve til å melda seg på digitalt, vert det mogleg å gjera det pr telefon, eller på sms. **Tlf.:97 58 32 90** (Aslak).

Påmelding til nyårsaftan vert tilgjengeleg i tidsrommet 27.desember kl.09:30 – 31.desember kl.11:00.

Smittevernregelverket seier at vi må ha to meter avstand, viss det er allsong. Vi løyser det på den måten, at vi har nokre utvalde songarar som sit på galleriet og i koret og syng. I tillegg oppfordrar vi sterk til at dei som sit på fremste benk, vert med og syng. Resten av kyrkjelyden kan **NYNNE «mmmm»**, gjerne fleirstemt om ein kan det 😊, dette vil gje ein fantastisk effekt! Vel møtt til 50 deltakarar med ein meter avstand.